



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Skjåk kommune


13.12.2021

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
44-21

44-21 Søknad om bygging av gjetarbu ved Bosmeberget i Skjåk - høyringsuttale

Vera Stub Øverås søker om bygging av gjetarbu ved Bosmeberget i Skjåk. Ho driv med saueproduksjon og har i overkant av 30 vinterfora sauer. Sauene blir slept til fjells på sommarbeite og nyttar mellom anna terrenget rundt Bosmeberget. Bruket ligg lengst aust i Skjåk (Skjåk Solside 995, Gnr/Bnr 80/1).

Det er ei anna gjetarbu i området som er ope, Døktahytta. Den ligg 3,8 km i luftlinje frå Bosmeberget.



Svart sirkel syner plassering til planlagt gjetarbu ved Bosmeberget.

Vurdering

Lokaliteten ligg i sone B – "randområde" slik det er definert i regional plan for Ottadalsområdet.

Felles retningslinjer

Planlegging og sakshandsaming, vidare kommunal planlegging

- a. Den regionale planen er ein overordna og grovmaska plan som ikkje fangar opp alle lokale tilhøve. Arealbrukssonene som er nytta er i stor grad fleirfunksjonelle soner tilpassa regionalt plannivå. Ei tilpassing til «Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister» vil vera naudsynt ved utarbeiding av kommunale planar.
- b. Regional plan skal leggast til grunn ved kommunane si handsaming av plan- og byggesaker og andre saker knytt til areal og ressursbruk.
- c. Retningslinjer i regional plan skal vektleggast i handsaminga av søknadar om dispensasjon frå kommuneplan eller reguleringsplan etter PBL § 19.
- d. Temakart som høyrer til denne planen skal vektleggast ved handsaming av relevante søknadar om tiltak innafor planområdet.
- e. Før vedtak av planar og tiltak som kan påverke villreinen sine leveområde, skal naturmangfaldlova sine prinsipp for berekraftig bruk i §§ 8-12 vera vurdert, og vurderinga og vektlegginga skal gå fram av avgjerda, jf. lova sin § 7. Særleg viktig er vurdering av tiltak som kan påverke sårbare villreinområde.

Retningslinjer om bygg i utmarksnæring

- a. I medhald av PBL blir utmarksnæringar delt i:
 - «landbrukets utmarksnæringar» definert som setring, beitebruk, eigen jakt og fiske og foredling av fisk. Utan nærare planavklaring kan bygging av driftshusvære og driftsbygg tilknytt slike aktivitetar gjevast løyve til i LNF-område.»
- b. Setrer og andre driftshusvære kan byggast, rehabiliterast og vidareutviklast dersom føremålet er å nytte utmarksressursane på ein måte som inngår i landbruksbegrepet etter PBL. Bygging skal skje etter ordinær byggesakshandsaming og krev ikkje nærare planavklaring. Det skal leggast særskild vekt på tilpassing til kulturlandskapet.

NINA Rapport 643 «Villreinen i Ottadalen» brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar med ulik problematikk knytt til reinens behov. I arbeidet med kvalitetsnorm for villrein er fokusområda justert og oppdatert. Fokusområde blir her skildra slik:


Fokusområder omfatter områder hvor det er, eller man mistenker at det kan bli, utfordringer for villreinen som skyldes arealinngrep og menneskelig aktivitet. Effektene av dette er ofte arealunnvikelse, der reinen unngår å bruke hele eller deler av funksjonsområder den ellers ville ha tatt i bruk på den gjeldende årstid, eller ulik grad av hindringer av reinens naturlige trekk mellom ulike funksjonsområder.

I tillegg blir uttrykket influensområde brukt i samband med fokusområda, det er definert slik:

For de fokusområdene som handler om funksjonelle trekkpassasjer er det viktig at det gjøres en vurdering av omfang av endringer som følge av redusert trekk. Områder som reinen mister eller får redusert tilgang til som følge av redusert bruk av trekkpassasjer, er i vårt arbeid gitt navnet **influensområder**.

Bosmeberget ligg innanfor fokusområde Honnsjoen/Liafjellet:

<https://storymaps.arcgis.com/stories/ce49913e62a04c53b8736a25cb20ad4a>



Det er vinterbeitet på Liafjellet og tilgangen til desse som er det viktige med dette fokusområdet. Det er derfor avgjerande at trekket i området rundt Honnsjoen fungerer.

Effekten av gjetarbua på villrein er fyrst og fremst avhengig av bruken av bua, i mindre grad sjølve bygget. Effekten er avhengig mengda bruk og når på året den blir brukt. I dette området er vinterhalvåret den mest sårbare tida.

Innstilling:

Primært bør oppsett av gjetarbuer bli gjort som fellestiltak av dei som har beitedyr i området. Det vil truleg bidra til å halde talet på buer nede og redusere moglegheita for negative effektar. Bygging av buer skapar presedens og risiko for ei "bit-for-bit forvaltning" som på sikt kan vera negativt for villrein.

Dersom gjetarbua berre blir brukt i beitesesongen vil det neppe ha noko særleg effekt på villrein. Men om den blir nytta til fritidsformål gjennom heile året og som base for turar vidare innover i vinterhalvåret, kan det ha negativ effekt. Dersom det blir gjeve løyve må det bli satt vilkår for bruken av bua.

- Avgrensingar i bruk delar av året
- Avgrensingar i moglegheit for framleige
- Vilkår om at bua skal bli fjerna om sauehaldet opphøyrar.

Handsaming:

Saka vart sendt ut på e-post. Samrøystes som innstillinga.

Vedtak:


Primært bør oppsett av gjetarbuer bli gjort som fellestilltak av dei som har beitedyr i området. Det vil truleg bidra til å halde talet på buer nede og redusere moglegheita for negative effektar. Bygging av buer skapar presedens og risiko for ei "bit-for-bit forvaltning" som på sikt kan vera negativt for villrein.

Dersom gjetarbua berre blir brukt i beitesesongen vil det neppe ha noko særleg effekt på villrein. Men om den blir nytta til fritidsformål gjennom heile året og som base for turar vidare innover i vinterhalvåret, kan det ha negativ effekt. Dersom det blir gjeve løyve må det bli satt vilkår for bruken av bua.

- Avgrensingar i bruk delar av året
- Avgrensingar i moglegheit for framleige
- Vilkår om at bua skal bli fjerna om sauehaldet opphøyrar.

Helsing

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær